

LOKALE RETNINGSLINJER FOR BRUK AV MIDLAR TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) 2012 - 2016

Bakgrunn

Ordninga med SMIL-midlar er etablert for å fremje kultur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket. Det gjeld tiltak utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Innafor forskrifta skal Surnadal kommune ved avdeling for Næring og utvikling utarbeide strategiar og prioriteringar for korleis midlane skal brukast. Avdelinga skal behandle søknadene etter prioriteringar utarbeidd i samarbeid med landbruksnæringa. Strategien vart diskutert på eit møte med representantar for jordbrukets organisasjonar 21.okt. 2011, og er vedteke av utval for Næring, miljø og teknikk i Surnadal.

Eksempel på tenkte tiltak:


- Gardbrukarar i fleire kommunar samordnar seg om å etablere ei lang sykkelrute. Tilskot blir gjeve til registrering, planlegging og lønn til prosjektleiar.
- Historielaget og gardbrukarar i ei grend planlegg og lagar ein sti som omfattar gamalt vegfar, husmannsplassar, fiskeplass, utsiktspunkt og ei gamal slåtteng.
- Gamal dyrka mark lengst opp i dalsida held på å gro igjen. Det blir rydda, gjerda og beita med husdyr.
- Det siste sommarfjøset i bygda står enda, og nytt tak blir lagt.
- Ein bekk som vart lukka under bakkeplanering på 70-tallet tek ikkje unna flaumvatnet. Det blir lagt nytt og steinsikra ope løp, med ein rensedam i øverenden.

Formål med bruken av dei økonomiske verkemidla

Kulturlandskapet er ein viktig del av kulturarven vår og representerer store kulturverdiar. Kulturlandskapet er også viktig i forhold til det biologiske mangfaldet, reiselivet, og ikkje minst som ein trivselsfaktor for folk flest. Skjøtsel av kulturlandskapet skal bidra til vern av gamal kulturmark, gamle ferdselsårer, kulturminne, tekniske anlegg og verneverdig bygningsmasse.

Behov for midlar

Det er eit stort sprik mellom behovet for midlar (omsøkte beløp) og den tilskotsramma som vi får tildelt. Dette medfører ei hard prioritering mellom prosjekta. Surnadal har tidlegare lagt seg på ei tildeling der ein prøver å bidra på dei ulike prosjekta, men med krav til større



eigenfinansiering enn det blir søkt om. Ein ser at dei aller fleste prosjekta blir gjennomført, dette kan tolkast dit hen at det kan vere ein god strategi frå kommunen si side, som gjev flest mogleg prosjekt igangsett.

Prioriteringar lokalt

Kommunen vil ha som hovudmål å ta vare på

- det opne kulturlandskapet
- kulturminne i form av bygningar, for eksempel seterhus og høyløer.

Kommunen vil prioritere

- Dei prosjekta som er mest unike, og der prosjektet truleg ikkje blir gjennomført utan støtte frå desse midlane
- Fellesprosjekt
- Tiltak der det er ein heilskapleg plan for eit område
- Tiltak der dette er til gode for allmennheten.
- Kulturminne som gamle stiar i samband med tidlegare seterdrift og mjølkerampar som var viktige møteplassar før.

Planlegging og tilretteleggingsprosjekt

Det kan innvilgast tilskot til prosjekt som leder fram til planer for konkrete tiltak som nevnt nedanfor. Tilskot blir innvilga på grunnlag av godkjent kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid.


Kulturmark/rydding/gjerding

Formål:

Restaurere og ta vare på gamal kulturmark med tilhøyrande miljøverdiar forma gjennom lang tids bruk til slått og beite.

Viktige punkt:

- Gjengroinga skal ikkje ha kome så langt at arealet har preg av skogsmark
- Det skal finnast planter som er karakteristiske for kulturmark, og eventuelle kulturminne som fortel om tidlegare bruk
- Det skal leggest ved plan for både restaureringstiltaket og oppfølgjande skjøtsel av området. Vidare skjøtsel med beiting av husdyr skal prioriterast.



Biologisk mangfold

Formål:

Ta vare på og utvikle variasjonen og mangfaldet av planter og dyr i kulturlandskapet ved hjelp av skjøtseltiltak og tilrettelegging.

Viktige punkt:

- Ta vare på det kulturbetinga mangfaldet av planter og dyr i kulturlandskapet som er utvikla gjennom lang tids slått og beiting.
- Ta hensyn til ville planter og dyr i kulturlandskapet og bidra til å oppretthalde livskraftige bestander
- Gjennomføre tiltak som bidrar til gjenoppretting og utvikling av biologisk mangfold

Kulturminne og kulturmiljø

Formål:

Ta vare på spor etter menneske sin aktivitet i kulturlandskapet gjennom alle tider, herunder stader det knytar seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturmiljø: (eksempel): Gardstun, seter, gravfelt, naust og sjøhus

Kulturminne: (eksempel): Bygningar, buplassar, hustufter, gravsteiner, rydningsrøyser, vegar og vegfar, fangst og fiskeinnretningar, tjære- og kullmiler

Freda kulturminne: Alle kultuminne frå før 1537, alle bygningar frå før 1650 og alle samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda.

Aktuelle tiltak:


- Synleggjering gjennom rydding, slått eller beiting
- Istandsetjing, restaurering og skilting. Ved freda kultuminne må dette skje i samråd med regional kulturminneforvaltning.

Det kan og vurderast å gje tilskot til prosjekt der bilete eller anna dokumentasjon kan syne korleis kulturminnet har sett ut. Det er viktig å ta vare på så mykje som råd er av kulturminnets heilskap, eigenart og opprinnelege element. Bruk helst tradisjonelle og stedeigne materiale.

Freda og verneverdige bygningar

Formål:

Restaurering og vedlikehald av freda eller verneverdig bygning i jordbrukets kulturlandskap



Freda bygning: Bygningar frå før 1650 er automatisk freda. Nyare bygningar kan vere freda ved vedtak etter kulturminneloven.

Verneverdig bygning: Bygning som ikkje er freda, men som på grunn av sin eigenart eller som del av eit kulturmiljø utgjer eit viktig innslag i kulturlandskapet, og som det er viktig å ta vare på.

Vi vil prioritere tiltak for å ta vare på bygningane det hastar mest med. Dette er ofte bygningar i utmarka, og ofte er det relativt små kostnader med å ta vare på desse kulturminna. Freda og/eller verneverdige bygningar, som for eksempel stabbur, vil vi òg kunne prioritere. Søknader på freda/verneverdige bygningar blir om nødvendig sendt til fylkeskonservatoren for fagleg vurdering og prioritering. Bygningar der ein tek vare på det opphavlege blir prioritert, og ikkje modernisering av eldre bygningar.

Når det gjeld søknader som går på restaurering av våningshus kan kommunen ikkje prioritere slike prosjekt. Årsaka er at det er svært knapt med midlar tilgjengelege og i slike saker er det ofte store kostnader med kvar bygning. Dersom slike prosjekt skal få støtte vil mykje av den disponible summen gå med. Ofte har bygningar i gardstunet mest interesse for eigaren / familien og slike tiltak blir ofte gjennomført sjølv om det ikkje blir løyvd midlar frå denne ordninga.

Miljøtiltak

Formål:


Fremme tiltak som bidreg til å hindre eller redusere forureining eller risikoen for forureining frå jordbruket.

Tiltak: (eksempel): Avskjeringsgrøfter, for å avskjere overflate- og grunnvatnstrøm frå utmark mot innmark, inntaks- og nedløpskummer for å samle overflatevatn frå open grøft eller terreng ned til eit lukka løp, oppdimensjonering av lukka løp, for å sikre at det lukka løpet tek unna flomvatn, erosjonssikring av opne løp, økologiske rensedammar (fangdammar), for å halde attende jordpartiklar og næringsstoff frå dyrka mark..

Søknaden

Generelt:

- Søknadsfrist for midlane blir 15.mars kvart år.
- Det skal søkjast på eige skjema utarbeidd av Statens landbruksforvaltning, som du finn på kommunen sine heimesider, eller ved å kontakte kommunen.
- Gardbrukarar må ha Miljøplan trinn 2 for å søkje om tilskot. Elles kan alle som er registrert i Einingsregisteret søkje, når det er gjort avtale med grunneigar på førehand om gjennomføring av prosjekt/tiltak.



- Dersom eit tiltak mottek støtte gjennom landbruksfondet i kommunen, kan det ikkje motta SMIL-midlar.
- Dersom dei økonomiske rammene tillet det, kan satsane for tilskott aukast opp til grensene som er sett i forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Når det blir nødvendig å prioritere mellom tiltak, vil fellestiltak der medlemmene har tilknytning til landbruket bli prioritert (grunneigarlag før idrettslag o.l.)

Tilskotssatsar

Sentral forskrift	max sats	Lokal strategi	max sats
Tilskot til planlegging og tilretteleggingsprosjekt	100 %	Planlegging og tilretteleggingsprosjekt	70 %
Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak	70 %	Gamal kulturmark, rydding, gjerding	50% eller max 1000,-/daa for rydding av beite
		Kulturminne og kulturmiljø	50 %
		Freda og verneverdige bygningar	35 %
		Miljøtiltak	35% på hydrotekniske, 70 % på økologiske rensertiltak
Særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald	100 %	Biologisk mangfald	50 %

Kostnadsoverslag og sluttrekneskap

Satsar for arbeid som skal utførast:

Eige manuelt arbeid:	225,-
Eige arbeid m/motorsag og liknande	300,-
Eige arbeid m/traktor m/div utstyr	500,-

Spesifiser mva i kostnadsoverslaget.

Viktig:

Noter kor mange timar du/de arbeider med prosjektet. Timelista skal leggjast ved rekneskapet. Dersom sluttrekneskapet viser at kostnaden blir mindre enn i kostnadsoverslaget blir tilskotet redusert tilsvarende. Det er derfor viktig med realistiske kostnadsoverslag!